

NVE Konesjonsavdelinga,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo

FRÅSEGN I SAMBAND MED SØKNAD OM LØYVE TIL Å REGULERE INSTEBOENVATNET I VESTNES KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL FYLKE

I samband med at Sesskraft A/S søker om løyve til å regulere Insteboenvatnet i Vestnes kommune, vil underskrivne grunneigarar på gardane Jemtegard, Hoem og Fagervik komme med følgjande uttale:

Pkt. 1. Auke i kraftproduksjonen i høve til aktuell regulering.

Sesskraft A/S har nå ein årleg middelproduksjon på elektrisk kraft på 16.8 GWh. Med regulering av Insteboenvatnet reknar ein med å produsere 18.55 GWh årleg. Dette utgjer ein auke på ca.11 %.

Sett frå grunneigarane si side verkar dette lite effektivt når ein vurderer det opp i mot dei inngrepa i naturområdet som reguleringa vil føre med seg.

I utgangspunktet går difor grunneigarane inn for at prosjektet ikkje vert gjennomført og at området også framover blir bevart som den naturperla det er i dag.

Pkt.2. Oppdemming og tørrlegging.

I følgje konsesjonssøknaden vil det å auke vassnivået med 0.5 meter føre til eit neddemt areal på ca. 3.5 dekar og tørrlagt areal ved nedtapping vil utgjere ca. 5.5 dekar.

Når eit areal på ca. 9 dekar blir påverka av reguleringa, vil vi karakterisere det som eit vesentleg inngrep i naturområdet.

Dersom konsesjon skulle bli gjeven, ber vi om at reguleringsnivået på 2 meter blir vurdert redusert for å gjere såra i naturen mindre.

Vi ser det som særleg viktig at reguleringsintervallet i månadene juni, juli og august blir sett til maksimalt 1 meter. Dette vil redusere dei negative verknadene av tørrlegging visuelt sett.

Vi føreset vidare at vassnivået i Urvatnet ikkje blir vesentleg påverka av reguleringa i Insteboenvatnet.

Særleg i sommarhalvåret blir området mykje brukt til friluftsliv kombinert med fising i vatnet. Det er difor viktig at verknader av reguleringa ikkje blir merkbart her.

Pkt.3. Fiskefauna

Dei siste 10 åra har det vore bra produksjon av fisk i Instebotnen, noko som kan skuldast milde vintrar med etterfølgjande gode gytetilhøve. Fiskebestanden er nå så stor at den er på kanten av det vatnet tåler. Fisken har begynt å misse den raude kjøttfargen p.g.a. stort beitepress i botndyrfaunaen. På kort sikt vil ei regulering vere positiv for fiskebestanden, men på lenger sikt vil den tynnast kraftig ut p.g.a. minimale gytetilhøve. Nedtapping vinterstid vil tørlegge mykje av ragna i innløpsosane.

Fisken som sist vart utsett i Instebotnvatnet er regnbogaure. Det er ei vårgytande art som neppe kryssar seg med vanleg aure, som gyter om hausten.

Dersom reguleringa fører til at fiskebestanden blir redusert eller dør ut, må Sesskraft A/S sørge for at det blir etablert ny bestand i vatnet etter ei fagleg vurdering. Dette må og gjelde ved eventuelle negative verknader i Urvatnet.

Pkt.4. Fuglefauna

Sidan 2015 er det mellom anna gjort følgjande observasjonar i området :

2 storlompar, 2 storlom og 3 smålom.

22.juli 2017 vart det observert ei brun ugle på storleik med ei kongeørn. Med tanke på området ho vart sett i , er dette mest truleg ein hubro, ikkje slagugle eller lappugle.

Fjellvåk har tidlegare hekka i Blåfjellet, men dei siste 6-7 åra har paret brukt ein lokalitet nærare Hoemsetra.

Pkt. 5. Omsyn til beitedyr i området.

Ei regulering av Instebotnvatnet vil skje i eit beiteområde som i hovudsak blir nytta av sau. Beitedyra kryssar som regel elva ved utløpet av vatnet. Når dammen eventuelt blir bygd, må det etablerast nytt kryssingspunkt slik at dyra framleis kjem seg trygt over elva. Dette gjeld og for turistar og andre som ferdast i området.

Sjølve utforminga av kryssingspunktet kan eventuelt avtalast med grunneigarane seinare.

Pkt. 6. Damanlegg og lukehus.

Inntaksdammen er planlagt bygd som massivdam i betong.

Grunneigarane ser det som viktig at arbeidet blir utført slik at dammen fell mest mogeleg naturleg inn i terrenget både når det gjeld utforming og farge.

På same måte er det viktig at lukehuset blir plassert så skånsomt som mogeleg i området og at dimensjonane på bygget, til dømes høgda, ikkje markerer seg meir enn naudsynt. Her vil også fargevalet vere viktig og vi ser det som naturleg at taket blir tekt med torv.

Til anleggsfasen er det planlagt å transportere ei gravemaskin inn i området. Eventuelle skader i terrenget etter transporten må utbetrast. Det er spesielt viktig at seterstien og bruene ikkje blir skada.

Likevel vil grunneigarane tilrå at ein vel å bruke ei maskin som kan flygast inn til anlegget.

Med dette ber vi om at det blir lagt vekt på synspunkta våre når konsesjonssøknaden skal vurderast og vi reknar med å bli inviterte til eventuelle synfaringar som skal gjennomførast i området.

Bjørnar Uren
Bjørnar Uren

(g.nr.9, b.nr.1)

Eldar Hoem
Eldar Hoem

(g.nr.10, b.nr.1)

Oddbjørn Smisetfoss
Oddbjørn Smisetfoss

(g.nr.11, b.nr.1)

Leonhard Dahl
Leonhard Dahl

(g.nr.11, b.nr 2)

Oddbjørn Bergheim
Oddbjørn Bergheim

(g.nr. 11, b.nr. 3)

Ole Smisetfoss
Ole Smisetfoss

(g.nr.11, b.nr. 4)

Krister Sundgot
Krister Sundgot

(g.nr.12, b.nr. 1)